

Delegeringsreglement vedteke av Jostedalsbreen nasjonalparkstyre 08.06.2026

Sak 21/26 i møte 4_26

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre delegerer vedtaksmynde til forvaltarane i dispensasjonssaker etter verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark og naturmangfaldlova § 48.

Delegasjonen gjeld fylgjande sakstypar:

1. Saker etter dei spesifiserte dispensasjonsreglane om motorferdsle i verneforskrifta §IV nr. 4.3.
2. Saker etter dei andre spesifiserte dispensasjonsreglane i verneforskrifta og etter naturmangfaldlova § 48 der :
 - a. Det dreier seg om fornying av dispensasjon gjeve av styret, og føresetnadane er tilnærma uendra
 - b. Det føreligg etablert forvaltningspraksis frå saker handsama av styret i tilsvarande saker
 - c. Forvaltningsplanen gjev eintydige føringar for utfallet
3. Vedtak i samråd med styreleiar når ei sak hastar på grunn av fare for skade eller annan negativ verknad på verneverdiane, t.d. stans av ulovlege forhold, pålegg om retting eller direkte gjennomføring.
4. Handsame søknadar om å endre fristar fastsett av verneområdestyret, eller endre fristar på eige initiativ.
5. Utsette klagefrist etter forvaltningslova § 29, fjerde ledd.
6. Treffe avgjerd om utsett iverksetjing etter forvaltningslova § 42.
7. Sende saker til Miljødirektoratet med tilråding om å ilegge overtredingsgebyr.

Delegasjonsvedtaket er gjort med heimel i punkt 6.3 i Vedtekter for nasjonalpark-/verneområdestyrer oppnemnt i medhald av naturmangfaldlova § 62, fastsett av Miljødirektoratet 19.01.2024.

Ved tvil skal forvaltar drøfte saka med styreleiar. Det skal kome fram av saksutgreiinga dersom forvaltaren treff delegerte vedtak i saka. Alle delegerte vedtak skal refererast for styret. Klage på delegerte vedtak skal sendast til ny handsaming i styret.